



Fisking i Fjellandsbøvatnet blir ein av aktivitetane viss den store friluftsdagen blir arrangert der 12. august. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Området ved Fjellandsbø er eit eldorado som bør nyttast meir både sommar og vinter. Turprogrammet til Kvinnherad Turlag for 2007 kan komme til å innehalda eit spesielt arrangement der: Ein friluftsdag for alle 12. august. Men det er enno ikkje avgjort om arrangementet skal gå føre seg ved Fjellandsbø eller ved Brandvikvatnet i Blådalen. Det, vart opplyst til uskedalen.no på turlagets stand under frivilligedagen på Husnes i helga.

Fjellandsbø er imidlertid eit fristande alternativ for dei ansvarlege i turlaget, for då det same arrangementet fann stad der i 2005, kom det 250!

Uansett kva for sin stad som blir vald, blir det ein dag med aktivitetar der heile familien kan ta del. I samarbeid med andre frilufsorganisasjonar blir det lagt til rette for fiske, klatring, kanopadling og mykje meir og det er leiar for turlaget Anne Kari Enes som vil stå i spissen for denne spesielle dagen.

- Eg synes det bør vera sin slik dag på Fjellandsbø kvar einaste sommar, var kommentaren frå ein friluftsglad uskedeling på standen på Husnes.

Ei anna tiltak som det vart reklamert sterkt for på standen var seniorgruppa som er stifta for stutt tid sidan. Den er for dei over 60 og det er allereie sett opp eit spanande turprogram for gruppa.

Programmet startar 22. mars med skitur i Fjellhaugen og held fram 19. april med fottur til Varden på Varaldsøy. 24. mai er det fottur mellom Fjellhaugen og Åkra og så går det slag i slag til utpå hausten. Liv Kvandal på Seimsfoss, Solveig Mo og Harald Tjoflåt på Husnes og Kåre Haugse i Rosendal sit i styret for den nye gruppa og også Jan Helge Opsanger gjev opplysningar.

Av Ola Matti Mathisen

